



## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
47/26	Formannskapet	27.04.2026

### Samanslåing av eldrerådet og rådet for personar med funksjonsnedsetjing – utgreiing, økonomiske konsekvensar og ny høyring

#### Samandrag:

Kommunestyret vedtok i budsjettprosessen å slå saman eldrerådet og rådet for personar med funksjonsnedsetjing (RFU) til eitt felles råd. Forslaget var på open høyring i to veker utan merknader. I ettertid har dei to råda opplyst at dei ikkje fanga opp forslaget og har merknadar til vedtaket. Formannskapet har difor bede om ei ny høyring til råda og aktuelle organisasjonar, og ei nærmare utgreiing av tiltaket.

Saka legg opp til høyring i fire veker med tre alternativ: (A) felles råd, (B) felles råd som prøveordning ut perioden, eller (C) vidareføring av to råd.

#### Formannskapet 27.04.2026

#### Nye framlegg:

*Tillegspunkt til høyringa, foreslått av Bernt Brandal (p), Folkelista for Hareid kommune*

#### **Alternativ D: To separate råd med felles møte**

Eldrerådet og rådet for personar med funksjonsnedsetjing blir vidareført som to sjølvstendige råd med eigne mandat og vedtaksmynde.

Råda skal gjennomføre felles møte for orienteringar frå administrasjonen og for handsaming av saker av felles interesse, med sikte på meir effektiv ressursbruk.

Råda skal fatte vedtak kvar for seg i alle saker der det ikkje er naturleg å fatte felles vedtak.

Kommunedirektøren får fullmakt til å fastsetje nærare retningsliner i reglementa for gjennomføring av felles møte.

Ordførar Bernt Brandal fremja eit tilleggsframlegg:

#### **Alternativ D: To separate råd med felles møte**

*Eldrerådet og rådet for personar med funksjonsnedsetjing blir vidareført som to sjølvstendige råd med eigne mandat og vedtaksmynde.*

*Råda skal gjennomføre felles møte for orienteringar frå administrasjonen og for handsaming av saker av felles interesse, med sikte på meir effektiv ressursbruk.*

*Råda skal fatte vedtak kvar for seg i alle saker der det ikkje er naturleg å fatte felles vedtak.*

*Kommunedirektøren får fullmakt til å fastsetje nærare retningsliner i reglementa for gjennomføring av felles møte.*

#### Røysting:

Samrøystes for kommunedirektøren si tilråding.

Samrøystes for tilleggsframlegget frå Bernt Brandal.

#### FSK - 47/26 Vedtak

Saka blir lagt ut på høyring i fire veker til eldrerådet, rådet for personar med funksjonsnedsetjing og relevante brukar- og interesseorganisasjonar, i tråd med forskrifta om medverknadsordningar § 4. Høyringa skal særleg be om synspunkt på tre alternativ:

- **Alternativ A:** Opprette felles råd med eige reglement som sikrar balansert samansetjing og tydeleg mandat.
- **Alternativ B:** Opprette felles råd for resten av inneverande valperiode som ei prøveordning, med eige reglement som sikrar balansert samansetjing og tydeleg mandat. Ordninga skal evaluerast og leggjast fram for kommunestyret før konstituering ved neste valperiode.
- **Alternativ C:** Vidareføre to separate råd.

**Alternativ D: To separate råd med felles møte**

*Eldrerådet og rådet for personar med funksjonsnedsetjing blir vidareført som to sjølvstendige råd med eigne mandat og vedtaksmynde.*

*Råda skal gjennomføre felles møte for orienteringar frå administrasjonen og for handsaming av saker av felles interesse, med sikte på meir effektiv ressursbruk.*

*Råda skal fatte vedtak kvar for seg i alle saker der det ikkje er naturleg å fatte felles vedtak.*

*Kommunedirektøren får fullmakt til å fastsetje nærare retningslinjer i reglementa for gjennomføring av felles møte.*

**Kommunedirektøren si tilråding:**

Saka blir lagt ut på høyring i fire veker til eldrerådet, rådet for personar med funksjonsnedsetjing og relevante brukar- og interesseorganisasjonar, i tråd med forskrifta om medverknadsordningar § 4. Høyringa skal særleg be om synspunkt på tre alternativ:

- **Alternativ A:** Opprette felles råd med eige reglement som sikrar balansert samansetjing og tydeleg mandat.
- **Alternativ B:** Opprette felles råd for resten av inneverande valperiode som ei prøveordning, med eige reglement som sikrar balansert samansetjing og tydeleg mandat. Ordninga skal evaluerast og leggjast fram for kommunestyret før konstituering ved neste valperiode.
- **Alternativ C:** Vidareføre to separate råd.

## Vedlegg:

Møteprotokoll - Eldrerådet - 26.01.2026

Møteprotokoll - Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 26.01.2026

Samanslåing av RFU og eldrerådet

## Saksopplysningar:

I budsjettprosessen for 2026 vart det foreslått å slå saman eldrerådet og RFU for å oppnå organisatoriske og økonomiske gevinstar (enklare administrasjon, færre møte, lågare samla møtegodtgjersler og driftsutgifter). Råda hadde budsjettet som eiga sak, og det var ein felles gjennomgang med administrasjonen i forkant, men sjølv samanslåingstiltaket vart ikkje eksplisitt omtala. Budsjettforslaget var på open høyring i to veker utan merknader retta mot dette tiltaket. I ettertid har råda meldt at dei ikkje fanga opp tiltaket. Formannskapet har bedt om ny sak med ny høyringsrunde.

## Rettsleg rammeverk

Kommunelova § 5-12 pålegg kommunane å ha eldreråd og råd for personar med funksjonsnedsetjing. Forskrift om medverknadsordningar regulerer oppgåver, samansetjing og prosess, og gjev høve til felles råd der lokale forhold gjer det nødvendig. Før eit slikt vedtak skal organisasjonar og etablerte råd høyrast.

- [Tolkningsuttale frå Kommunal- og distriktsdepartementet](#)

## Erfaringar nasjonalt

Nordlandsforskning og Høgskolen i Innlandet gjennomførte i 2021/2022 ei landsdekkjande kartlegging av råd for personar med funksjonsnedsetjing, og samanlikna kommunar med eige råd og kommunar med felles råd. Felles råd er vanlegast i små kommunar og blir ofte grunnlagt med lite befolkningsgrunnlag eller få aktive brukarorganisasjonar; dei har òg noko oftare eige budsjett og delegerte midlar. Studien viser ein ulik saksprofil: felles råd arbeider relativt meir med helse/omsorg, medan eigne råd oftare prioriterer universell utforming, medverknad og likestilling. Casestudier peikar på at felles råd stiller særlege krav til møteleiing og struktur for å sikre at både eldre- og funksjonsperspektivet kjem reelt til orde. Samstundes finn studien at organisasjonsforma i seg sjølv i liten grad avgjer råda sin innverknad; tidleg involvering i saksprosessen, sekretariatsstøtte og kunnskap i administrasjonen om korleis råda skal nyttast har større betydning.

- [Medvirkning gjennom råd - En kartleggingsundersøkelse av kommunale og fylkeskommunale råd for personer med funksjonsnedsettelse - Nasjonalt vitenarkiv](#)

Proba samfunnsanalyse og Telemarksforskning har på oppdrag frå KS kartlagt erfaringar med dei lovpålagde medverknadsråda i kommunar og fylkeskommunar. Hovudfunna viser at råda verkar best der dei kjem tidleg inn i sakene, der administrasjonen kjenner råda si rolle og oppgåver, og der råda får tilstrekkeleg sekretariats- og fagleg støtte til møte, saksførebuing og oppfølging. Rapporten vurderer ikkje særskilt effekten av å ha felles råd samanlikna med separate råd, og kan difor ikkje aleine brukast til å konkludere om organisasjonsforma forklarar variasjon mellom kommunar.

- [Erfaringer med lovpålagte råd for medvirkning](#) (Proba samfunnsanalyse og Telemarksforskning)

Før kommunereforma viste Bufdir si kartlegging (2016/2017) at 3 av 4 kommunar hadde eige "RFU", medan 22 % hadde felles råd for eldre og personar med nedsett funksjonsevne; dette syner at felles råd vert nytta av ein del kommuner, men òg at det historisk har vore eit mindretalsval. Desse tala seier likevel lite i seg sjølv om kvaliteten på medverknaden; for det krev ein å sjå på korleis råda blir brukt.

## Erfaringar frå utvalde kommuner

**Ulstein** har eit etablert Fellesråd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne som politisk organ. Fellesrådet har jf. reglementet 7 faste medlemmar. 3 medlemmar og 3 nummererte varamedlemmar skal veljast etter forslag frå pensjonistlaga i Ulstein. 3 medlemmer og 3 nummererte varamedlemmar skal veljast etter forslag frå organisasjonane. 1 medlem og 2 nummererte varamedlemmar skal veljast blant kommunestyrerepresentantane. Kommunestyret vel samansetjing, leiar og nestleiar etter tilråding frå valnemnda.

**Lesja:** Jf. «Reglement for felles råd for eldre og mennesker med funksjonsnedsettelse» har fellesrådet fem medlemmar, der tre medlemmar blir valde frå interessegruppa eldre, eitt medlem blir vald frå interessegruppa menneske med funksjonsnedsetjing, og eitt politisk valt medlem. Det politisk valde medlemmet er observatør med talerett, men utan røysterett. Det skal veljast varamedlemmar i nummerrekkefølge. Medlemmane og varamedlemmane blir valde av kommunestyret. Fleirtalet av medlemmane som representerer eldre i fellesrådet skal på valt tidspunkt ha fylt 60 år. Begge kjønna skal vere representerte med minst 40 prosent.

**Alvdal** sine råd prøvde felles møteform i rundt 18 månader før saka vart lagt ut på høyring 22.06.2023; råda tilrådde samanslåing, og kommunestyret fatta vedtak 21.09.2023. Etter vedtaket vart det vedteke vedtekter som fastset eit råd på sju medlemmar. Tre faste medlemmar med to nummererte varamedlemmar representerer dei eldre; eitt medlem kan vere under 60 år, medan dei andre må ha fylt 60 ved valt tidspunkt. Tre faste medlemmar med to nummererte varamedlemmar representerer personar med funksjonsnedsetjing, og minst eitt av dei faste skal vere pårørande til brukar i kommunen sine bemanna butilbod. Det er ikkje krav om å vere folkeregistrert busett i kommunen for å kunne veljast. Eitt fast medlem med varamedlem blir valt blant kommunestyret sine faste representantar. Leiar og nestleiar blir valde av og blant rådet sine medlemmar, og dei skal kome frå representantane for anten eldre eller personar med funksjonsnedsetjing.

### **Kommentar til val og samansetjing**

Erfaringane frå Ulstein, Lesja og Alvdal viser at kommunar kan setje saman eit felles råd på ulike måtar, men med same mål: god forankring i både eldregruppa og gruppa personar med funksjonsnedsetjing. Samstundes bør ein vere varsam med å innføre nye «sperrer» for kven som kan veljast. Reglar i eit eventuelt nytt reglementet bør byggje på rammene i kommunelova § 5-12 og forskrift om medverkningsordningar. KDD har presisert at dei generelle valbarheitskrava i kommunelova § 7-2 (til dømes bustadkrav) ikkje gjeld for medverknadsråda, og slike krav bør derfor ikkje takast inn i reglementet.

### **Økonomi**

Årsbudsjettet for 2026 legg til grunn ei innsparing på 32 000 kroner ved å gå frå to medverknadsråd med totalt ti medlemmar til eitt råd med fem. Dersom to råd skal vidareførast, må kommunen dekkje inn 32 000 kroner gjennom omdisponering eller anna inndekning. Rekneskapen viser at kvart råd vanlegvis kostar om lag 16 000–17 000 kroner i året, medan utgiftene til RFU har vore i overkant av 32 000 kroner i år med konstituering på grunn av opplæring. Råda har normalt fire faste møter i året, med rom for eitt ekstramøte. Begge råda har fem faste medlemmar og inntil tre varamedlemmar, og møta har i hovudsak vore fulltalige; nokre få gongar har berre fire møtt, utan at det har vore til hinder for at råda kunne gjere vedtak.

### **Vurdering og konklusjon:**

Kommunedirektøren legg opp til høyring i fire veker for å få inn synspunkt på tre løysingar: permanent felles råd, felles råd som prøveordning ut perioden, eller vidareføring av to råd. Dette er naudsynt for å oppfylle forskrifta sitt krav om høyring før eventuelt vedtak om felles råd, og for å kaste lys på om «nødvendig»-vilkåret er oppfylt i vår kommune.

Lovverket er klart på hovudregelen: kommunen skal ha både eldreråd og råd for personar med funksjonsnedsetjing. Den generelle heimelen i kommunelova § 5-7 til å omorganisere utval gjeld ikkje for medverknadsråda. Felles råd kan berre vedtakast når lokale forhold gjer

det nødvendig, og dette kan – i særlege tilfelle – gjerast også i valperioden. Terskelen er snever og krev både høyring og ei tydeleg grunngeving. Lova og forskrifta set rammene for eventuell samanslåing, men dei definerer ikkje ordet «nødvendig» uttømmende. I vurderinga kan kommunen derfor vise til konkrete lokale forhold som grunngeving for om vilkåret er oppfylt.

Nasjonale undersøkingar teiknar eit nyansert bilete. Eitt felles råd kan gi breiare saksprofil og enklare koordinering i små kommunar, men stiller høge krav til møteleiing og struktur for å sikre at både eldre og personar med funksjonsnedsetjing får kome reelt til orde. Forskinga viser samstundes at det i hovudsak er tidleg saksflyt, god administrativ støtte og føreseielege rutinar for oppfølging som avgjer kor godt råda verkar – uavhengig av om dei er felles eller separate. Desse faktorane bør prioriterast uansett modell.

Kommunen bør gjennomføre den planlagde høyringa og be om innspel som kastar lys på om vilkåret «nødvendig ut frå lokale forhold» er oppfylt. Dersom vilkåret er oppfylt kan kommunestyret vedta felles råd, anten som varig løysing eller som ordning for resten av perioden. I så fall må vedtaket følgjast av eige reglement som sikrar balansert samansetjing, tydeleg mandat og rutinar for tidleg saksflyt og oppfølging. Ei prøveordning senkar ikkje den rettslege terskelen, men kan brukast til å evaluere kvalitet og effekt før neste konstituering dersom vilkåret allereie er oppfylt.

Konsekvensar for barn og unge: *Ingen kjende.*

Konsekvensar for eldre: *Tiltaket kan resultere i mindre folkevald representasjon for målgruppa, samstundes som eit felles råd kan gi positivt utslag for gjennomslagskraft.*

Konsekvensar for menneske med nedsett funksjonsevne: *Tiltaket kan resultere i mindre folkevald representasjon for målgruppa, samstundes som eit felles råd kan gi positivt utslag for gjennomslagskraft.*

Likestillingsmessige sider ved saka: *Ingen kjende.*

Konsekvensar for folkehelsa: *Ingen kjende.*

Miljøkonsekvensar: *ingen kjende.*

Økonomiske konsekvensar: *Ved vidareføring av to råd må 32 000 kroner dekkjast inn i 2026-budsjettet gjennom omdisponering eller anna inndekning innanfor relevante rammer.*

Beredskapsmessige konsekvensar: *Ingen kjende.*

Bent Arild Grytten  
kommunedirektør

Kristian Stråmyr  
leiar servicetorg